LOVDATA

# Forskrift om hundehald, Vinje kommune, Telemark



| | |
|---|---|
| Dato | FOR-2013-10-03-1268 |
| Publisert | II 2013 hefte 5 |
| Ikrafttredelse | 31.10.2013 |
| Sist endret | |
| Endrer | |
| Gjelder for | Vinje kommune, Telemark |
| Hjemmel | LOV-2003-07-04-74-§6, LOV-2003-07-04-74-§11 |
| Kunngjort | 31.10.2013 kl. 14.50 |
| Korttittel | Forskrift om hundehald, Vinje |



**Heimel:** Fastsett av Vinje kommunestyre 3. oktober 2013 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven) § 6 og § 11.

## § 1. *Virkeområde og definisjon*

Denne forskrift omfattar hundehald i Vinje kommune. Forskrifta er eitt supplement til lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven), og må sjåast i samanheng med denne.

Med bandtvang meines at hundehaldar skal halde hunden fysisk i band eller forsvarleg inngjerda eller avstengt.

## § 2. *Om bandtvang*

Hundar skal haldast i band og under forsvarleg oppsyn:

a) I maskinpreparerte skiløyper. Heile vintersesongen.
b) I utmark der bufe beiter fram til 10. oktober.
c) På inngjerda mark der bufe beiter fram til 1. november.

Unntak er dei tilhøve som er nemnde i hundelova § 9 Unntak frå sikringsregelen.

## § 3. *Om ekstraordinær bandtvang*

Myndigheit til å utforme forskrift om ekstraordinær bandtvang ligg til rådmannen.

## § 4. *Straff*

Brot på denne forskrifta kan straffast etter § 28 i hundelova.

### § 5. *Verknad frå*

Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsdato i Norsk Lovtidend.